

## Sentral-Asia: Frå vondt til verre?

Heidi Furustøl

Etter dei tragiske terrorangrepa i USA den 11. september 2001 har verdas auge vore retta mot amerikanske gjengjeldingsaksjonar i Afghanistan. USA har til ein viss grad vore avhengig av støtte frå Sentral-Asia for å iverksette militær-operasjonane. Dette har igjen sett sterkare fokus på kva for utfordringar dei sentralasiatiske landa står overfor innanriks- og tryggingsspolitisk.

- Kordan og korfor er islam blitt radikalisert?
- Korfor har det ikkje lukkast å få i stand eit regionalt samarbeid om tryggleik?
- Kva for følger kan amerikanske gjengjeldingsaksjonar få for den tryggingsspolitiske stabiliteten i regionen?

Etter oppløysinga av Sovjetsamveldet har dei sentralasiatiske landa stått overfor store tryggingsspolitiske utfordringar. Den tryggingsspolitiske omstillinga har ofte vore meir prega av konfrontasjon enn samarbeid. Ikkje minst skuldast dette ulike og ofte motstridande tryggingssopfatningar i desse landa. Sterkast kjem dette til uttrykk i forholdet til radikale islamistar og den usbekiske islamske rørsla – «Islamic Movement of Uzbekistan» (IMU). Usbekistan er for øvrig ein slags regional storebror – med størst befolkning, mest dugeleg militærapparat og nest størst bruttonasjonalprodukt etter Kasakhstan.

### Den islamske rørsla IMU

Radikale islamistar skil seg frå religionen islam og er eit samla omgrep for ein politisk ideologi. Føremålet er å opprette ein «sann islamsk stat» der dei truande lever, bokstaveleg talt, etter dei islamske grunntekstane. IMU er den største og mest militante islamske rørsla i Sentral-Asia og har 2–3000 medlemmer. IMU kjempar for å velte regjeringa i Usbekistan, men IMUs aksjonar har fått vidtrekkande verkningar for alle dei tre landa. I februar 1999 utførte IMU ei rekke bombeeksplosjonar i Tasjkent, hovudstaden i Usbekistan. I august 2000 gikk IMU inn i Batken-provinsen i Kirgisistan. På den måten blei Kirgisistan høgst ufrivillig dratt med i konflikten mellom IMU og styresmaktene i Usbekistan. Etter to månader med kamp flykta IMU til Tadsjikistan der dei førebudde sin neste store militære offensiv. I august 2001 angrep IMU både Kirgisistan og Usbekistan. Målet var – som i 1999 – å etablere eit islamsk styre i Usbekistan. Heller ikkje denne gongen lukkast opprørarane som visstnok trakk seg tilbake til basar i det Taliban-kontrollerte Afghanistan.

I utgangspunktet er Usbekistan, Tadsjikistan

Kva står IMU for?

Kva er dei største utfordringane dei sentralasiatiske landa står overfor?

Sentral-Asia. Kart: NUPI



# Sentral-Asia: Frå vondt til verre?



Frå Kabul: Kvinner i burka. Kordan er situasjonen for befolkninga i Afghanistan og især for kvinner?

Kjelde: [www.rawa.org](http://www.rawa.org)

Kva motiv kan Talibanstyret i Afghanistan ha for å støtte militante muslimar i nabolanda?

Kva for spørsmål er det som gjør forholdet surt mellom dei sentralasiatiske landa?

Kva er ramadan for muslimane (bruk oppslagsverk)? Kordan kan det at ramadan er like om hjørnet, verke inn på situasjonen i og rundt Afghanistan?

og Kirgisistan **einige om** at IMU reduserer stabiliteten i Sentral-Asia. Likevel har ikkje landa greidd å komme overeins om kva for ein strategi som best nøytraliserer IMU og andre radikale islamistar. Tadsjikiske styresmakter har gitt politisk makt til den radikale, islamske opposisjonen i landet fordi «politisk ansvar verkar modererande på rørsla». Usbekistan misliker sterkt den tadsjikiske «godkjenninga» av IMU og radikale islamistar.

I jakta på IMU har Usbekistan bomba tadsjikiske og kirgisiske landsbyar og minelagt grensa mot nabolanda Tadsjikistan og Kirgisistan. Bombeaksjonane og minelegginga har ført til store tap i den tadsjikiske og kirgisiske lokalbefolkninga. Dei usbekiske aksjonane har derfor forverra forholdet til Tadsjikistan og Kirgisistan. Usbekistan har også vald ei tøff innanrikspolitisk linje. Bare i den usbekiske delen av Ferganadalen – delt i tre mellom Usbekistan, Tadsjikistan og Kirgisistan og der IMU visstnok har hovudkvarteret sitt – har over 900 moskéar blitt stengde. Over heile Usbekistan barberer menn av seg skjegget i frykt for å bli kalt ekstremistar. Under den muslimske fastehøgtida **ramadan** har usbekiske styresmakter forbode høgtalarar ved innkallinga til bønn i moskéane. Hardast ramma er likevel vanlege usbekar som er blitt skulda, ofte utan grunn, for å vere medlem av eller sympatisere med IMU. Frå midten av 1998 og fram til i dag har fleire menneskerettsorganisasjonar rapportert om at mange tusen usbekar er blitt fengsla på særst tynt grunnlag. Ifølge offisielle usbekiske tal sat 63 000 usbekar fengsla i 1998, minst 40 prosent av dei var politiske samvitsfangar. Det gir Usbekistan eit av verdas høgaste tal for politiske fangar.

Det er ei utbreidd oppfatning at trusselen frå IMU er sterkt overdriven og ei unnskyldning for president Karimov i Usbekistan til å kneble den politiske opposisjonen der. Mange meiner derfor at Karimovs harde politikk har skremt bort trufaste støttespelarar og dermed radikalisert IMU ytterlegare.

## Forholdet mellom Usbekistan, Tadsjikistan og Kirgisistan

Trass i mange møte på høgste politiske nivå, felles militærøvingar og oppretting av fleire tryggingstinstitusjonar har det ikkje lukkast å skape noe varig tryggingssamarbeid. Årsakene er samansette:

### Tadsjikistans legalisering (lovleggjoring)

**av den islamske opposisjonen** stiller Usbekistans forfølging og trakassering av den islamske opposisjonen der i eit uheldig lys. Korleis kan dei vere så ille, dei som er ein heilt lovleg opposisjon i nabolandet? Dette vil vere eit naturleg spørsmål for den vanlege usbek. Det dårlege forholdet mellom Usbekistan og Tadsjikistan er blitt enda verre etter at Usbekistan har støtta tadsjikiske opposisjonelles innmarsj i det nordlege Tadsjikistan. Usbekistan har dessutan hindra Tadsjikistan i å nytte usbekiske vegar og jernbanelinjer som Tadsjikistan er avhengig av for å nå omverda.

Også forholdet mellom Usbekistan og Kirgisistan er svært anstrengt. Kirgisiske styresmakter er ueinige i Usbekistans svært harde linje overfor IMU. Dei meiner den bare gjør vondt verre og verkar med til å radikaliserer islamske grupper i heile regionen. Dei to statane har også ei rekke uløyste grensespørsmål. President Karimov har minna kirgisarane om at dei er **avhengige av usbekiske gassleveringar**. Denne påminninga har han knytt opp mot usbekiske **ønske om grensendringar**. Kirgisistan krev på si side at Usbekistan betaler for **kirgisisk vatn** til usbekisk jordbruk i form av ei avklaring om grensene. Så langt har landa ikkje klart å bli einige om desse spørsmåla.

Eit anna problem, **Ferganadalen**, har lenge vore ein konstant kjelde til konflikt mellom dei tre landa. Etter Sovjetsamveldets opphør og som eit resultat av republikkinndelinga i Sovjet-samveldet finst det no store grupper usbekar som lever i Kirgisistan og Tadsjikistan og noe færre kirgisarar i Usbekistan. Allereie i 1990 braut det ut **valdelege samanstøytar** mellom usbekar og kirgisarar i dei kirgisiske byane Osh og Uzgen. Vidare er dalen eit problem på grunn av dei radikale islamske rørsleane som oppheld seg der. I tillegg kjem den **aukande narkotrafikken** frå Afghanistan. Narkoflaumen er eit veksande tryggingssproblem for alle tre land.

Det manglande økonomiske samarbeidet mellom landa i regionen påverkar også forholdet mellom dei tre statane. Landa har stilt seg **ulikt til internasjonal handel**. Usbekistan er strengt proteksjonistisk (sett opp mange handelshindringar), og kommersiell utanrikshandel er nærast blitt ei ulovleg undergrunnsverksemd. I Tadsjikistan opererer marknaden først og fremst gjennom svartebørshandel. Kirgisistan praktiserer derimot marknadsøkonomi og er einaste sentralasiatiske land med medlemskap i WTO (Verdas handelsorganisasjon). Den utbreidde fattigdommen i alle dei tre landa er dessutan i seg sjølv ein destabiliserande faktor.

# Sentral-Asia: Frå vondt til verre?



## Muslimsk heilagdom i Samarkand, Usbekistan.

Silkevegen gikk gjennom dette området i middelalderen. Kva meiner vi med Silkevegen (bruk oppslagsverk)? Kva seier dette og liknande bilete om kulturhistoria i Sentral-Asia?

Korfor har så mange muslimar i dette området vald å låne øyre til radikale muslimar?

## Politisk pluralisme

**Ulik grad av politisk pluralisme** (fleire politiske parti, ytringsfridom, mangfald i media, organisasjonsrett osv.) kan også forklare korfor landa ikkje samarbeider så godt.

Kirgisistan og Tadsjikistan tillet presse- og informasjonsfridom, mens den er sterkt innskrenka i Usbekistan.

På den andre sida har leiarane i dei tre landa **fleire fellestrekk**. Offisielt har alle landa demokratiske institusjonar. I praksis held mangt og mye frå sovjetperioden likevel stand. I staden for å bygge politiske institusjonar som kan regulere politiske motsetnader og frambringe ein ny generasjon av leiarar, har presidentane befestat si eigen personlege makt. Styresettet i dei sentralasiatiske landa er dominert av **familiedynasti**. Presidentane meiner handplukka etterfølgarar, ofte eigen dotter eller son, er eit betre alternativ enn demokrati. Dei hevdar dessutan at folk er lei av demokrati. Problemet er at befolkninga aldri har kunna bli trøytv av demokrati, sidan eit verkeleg demokrati aldri har eksistert.

Vidare hevdar dei politiske leiarane at demokrati er **uforenleg med sentralasiatisk kultur**. Fleire har reagert sterkt på eit slikt «rasistisk argument» som hevdar at «noen menneske passar mindre til demokrati enn andre». Styresmaktene hevdar at den sentralasiatiske befolkninga er grunnleggande valdeleg, for eksempel ved å vise til borgarkrigen i Tadsjikistan. I tillegg verkar mangelen på økonomisk samarbeid i regionen med til myten om at det

alltid har vore konkurranse mellom folkegruppene i Sentral-Asia og at slik vil det alltid vere. Elitane konkluderer med at folk både treng og ønsker å bli styrt med «jernhand». I røynda har dei ulike folkegruppene alltid levd meir eller mindre fredeleg saman.

## Regionalt tryggingssamarbeid

Dei sentralasiatiske landa er medlemmer av Samveldet av uavhengige statar (SUS). Med unntak av Usbekistan deltar statane i ei kollektiv tryggingssavtale innanfor SUS. Dei har regelmessige militærøvingar med Russland, og trusselen i desse er ofte radikale islamske grupper. Dei tre landa meiner derfor at regionalt tryggingssamarbeid er viktig. I praksis blir dette ikkje alltid prioritert. Landa var alle einige om å opprette eit anti-terrorsenter i Kirgisistan for SUS-landa. Men ingen av dei tre landa har så langt løyvd pengar til senteret.

Mens SUS har militære middel, er eit anna samarbeidsforum «Shanghai Cooperation Group» (SCO) (Kina, Russland, Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan og Usbekistan) eit reint diskusjonsforum. Opphavleg var organisasjonen eit forum for å løyse grensetvistar mellom Kina og tidlegare sovjetiske republikkar. Etter at den islamske offensiven starta i 1999, har samarbeidet fått ny giv og blitt konsentrert om islamske **separatistar** (folk som ønsker å lausrive seg frå ein stat for enten å danne eigen stat eller bli del av ein annan). Kina har sjølv problem med islamske uigurar i Xinjiang-provinsen som grensar til Tadsjikistan og Kirgisistan. Noen militante uiguriske grupper ønsker lausriving frå Kina, og dei 250 000 uigurane i Kasakhstan vil ha autonomi (in-

## Framveksten av radikale islamistar

Som ein del av Gorbatsjovs glasnost (opent, liberalt styre med mangfald i media) begynte eit nytt forhold mellom religion og stat å ta form, og det blei tillate å praktisere religionsfridom. Likevel har bare den kristne delen av den tidlegare sovjetiske befolkninga nytt godt av denne. I Sentral-Asia, derimot, er religionsfridommen begrensa. Dei sentralasiatiske elitane er ikkje formelt imot islam, men er etter kvart blitt skeptiske til radikaliseringa av muslimar. Ei forklaring på elitanes – både muslimske og ikkje-muslimske – uvilje mot islam skuldast at deira eigen overdådige livsførsel kjem i eit grelt lys stilt opp mot islams velferdsideal. Elitane har til ein viss grad prøvd å reformere både det økonomiske og sosiale systemet og dermed skapt urealistiske forventningar i befolkninga. For i praksis har arbeidsløysa stige og levestandarden blitt redusert. I ein slik situasjon har mange menneske lånt øyre til religiøse leiarar. Fråveret av eit sivilt samfunn (ikkje-statlege organisasjonar) gjør islamske organisasjonar

til ein av ytst få arenaer der folk kan la misnøye komme til uttrykk. Moskéen blir dermed ein møtestad for opposisjonelle, og det er ein arena som styresmaktene ikkje tør stenge i frykt for å framprovosere eit folkeleg opprør.

Både Tadsjikistan og Taliban-regimet i Afghanistan har verka med til radikaliseringa av muslimar. Da borgarkrigen i Tadsjikistan (sjå HHD 1995-1996: 3) opphørte i 1997, fekk den islamske opposisjonen 30 prosent av regjeringspostane. Godtakinga av opposisjonen «United Tajik Opposition» (UTO) var særskild viktig for dei radikale rørslene. Både tilhengjarar og kritikarar tolka dette som ein aksept av bruk av militære middel for å oppnå politiske mål. Dette blei ein lærdom IMU tok med seg vidare i kampen mot det verdslege (sekulære) styret i Usbekistan. I tillegg er Karategindalen i Tadsjikistan viktig for framveksten av islamistiske organisasjonar. Radikale islamistar skjuler militære basar i dalen, og den er også mye nytta som gjennomgangs-

råde for opprørangrep i dei sentralasiatiske landa. Usbekistan kritiserer Tadsjikistan for ikkje å ta kontroll over området. Også Taliban-regimet i Afghanistan medverkar til å fremme opplutninga om radikale muslimar. Taliban gir slike grupper kamptraining på afghansk territorium. Taliban har fleire motiv for å støtte militante muslimar:

- Det er ein fordel for Taliban at den tadsjikiske, muslimske opposisjonen er offisielt godkjent, og dei ønsker at ein liknande proseskal finne stad i Usbekistan.
- Taliban ønsker å auke si makt i regionen. Det er enklare å støtte den lokale opprørsrørsla, IMU, enn at Taliban invaderer Usbekistan.
- Ved at Taliban støttar IMU, blir dei sentralasiatiske landa så opptatte med egne, interne konflikatar at dei ikkje har ressursar til å støtte den anti-talibanske motstands-rørsla, Nordalliansen. Dette gir større rom for Taliban til å trygge si makt i Afghanistan.

# Sentral-Asia: Frå vondt til verre?



dre sjølvstyre) i Aust-Kasakhstan. Kina og dei sentralasiatiske landa fryktar at IMUs aksjonar skal nøre opp under og forsterke uigurnes kamp for sjølvstende.

har allereie uttalt at han vil ha amerikanske militærbasar i Usbekistan sidan USA har kapasitet til å garantere tryggleiken og dermed stabiliteten i regionen. Dei andre sentralasiatiske presidentane ønsker også at USA blir verande. Regionen kan da bli meir forutsigbar og tiltrekke seg utanlandske investeringar, blir det sagt. Fattigdommen kan bli redusert og stabiliteten styrka. På den andre sida kan eit amerikansk nærver, både indirekte og direkte, også auke ustabiliteten i Sentral-Asia (sjå under).

Dei amerikanske gjengjeldingsaksjonane kan både på kort og lang sikt påverke stabiliteten i Sentral-Asia. Radikale islamske grupper ser USA som **den store fienden** som må nedkjempast for einkvar pris. Når dei sentralasiatiske leiarane ønsker USA velkommen og også støttar amerikanske angrep mot Taliban, kan ein sjå dette som eit angrep på alle muslimar i området. Leiaranes støtte til USA kan dermed bli oppfatta som illegitim av befolkninga. Spesielt i Usbekistan er faren stor for at regimet kan bli styrta av eit folkeleg opprør.

Alt i dag finn vi fleire millionar afghanske flyktningar i nabolanda, først og fremst i Iran og Pakistan. Dei sentralasiatiske landa fryktar nye, store **flyktningstraumar frå Afghanistan** og dei politiske, militære, økonomiske og humanitære kostnadene ved desse. Ifølge FN kan så mange som fem millionar (uvisse tal) afghanske flyktningar komme over grensene til nabolanda. Per i dag har dei sentralasiatiske landa stengt grensene sine for flyktningar. Dei er også redde for aukande smugling av våpen og narkotika og tiltakande fattigdom.

Kordan skal så USA klare å unngå tvilsomme sengekameratar i Sentral-Asia? USA bør gjøre det klart for dei sentralasiatiske landa at militært samarbeid ikkje er det same som å godta autoritære regime. Viss USA med allierte let vere å foreta ei slik klargjøring, risikerer dei å bli sett på som land som aksepterer brot på menneskerettane. Og i Sentral-Asia er det mange slike brot.

I staden for einsidig bruk av militære virkemiddel kan USA og andre internasjonale aktørar og organisasjonar dessutan oppmuntre landa i Sentral-Asia til økonomiske og politiske reformer som på langt sikt kan stabilisere regionen. Dersom engasjementet til USA og andre internasjonale aktørar blir avgrensa til militære virkemiddel aleine, kan den vonde situasjonen i Sentral-Asia bli verre. Mye verre.

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser:  
[www.nupi.no/pubfelles/hhd/arb.html](http://www.nupi.no/pubfelles/hhd/arb.html)

## Ein leir full av afghanske flyktningar.

Kor mange afghanske flyktningar må der bli før verda verkeleg tar ansvar?

Kva meiner vi med familiedynasti?

Kva er en separatist?

Drøft korfor Russland og USA langt på veg har «funne kvarandre» i sitt forhold til Taliban-styret.

## Russland

Russland har lenge vore det dominerande landet i Sentral-Asia. På grunn av nedgangstider i kjølvatnet av sovjetimperiets samanbrot har Russland redusert engasjementet sitt i regionen. Fleire observatørar trur likevel at tilbaketrekkinga er midlertidig og at Russland vil komme tilbake når landet igjen har opparbeidd seg stor nok kapasitet. Andre hevdar derimot at Russland på langt sikt vil miste interessen sidan Sentral-Asia både demografisk og kulturelt er i ferd med å bli meir «asiatisk». Svekte band til Russland, sterkare band til dei asiatiske landa i sør og mange innvandrarak fra Korea og Kina er viktige innslag i dette biletet.

På kort sikt er regionen likevel strategisk viktig for Russland. Mangelen på bevokta grenseovergangar mellom dei tidlegare sovjetrepublikane gjør at Russland i praksis grensar til Taliban-regimet i Afghanistan. Dermed er spreinga av det radikale islam frå sør ein trussel mot russisk tryggleik. Russland yter derfor militærhjelp til dei sentralasiatiske randstatane som ikkje sjølve er sterke nok til å forsvare seg mot trykket frå sør.

## USA i Sentral-Asia – verknader

For første gong i moderne historie oppheld amerikanske styrkar seg i Sentral-Asia. Det har vore knytt ei viss spenning til kor langt Russland vil godta amerikansk nærver på «deira» interesseområde. Russarane har, om enn litt motvillig, akseptert det sidan begge kjempar mot **ein felles fiende** – den internasjonale terrorismen. Fleire hevdar at det eigentlege motivet til russarane for å støtte USA er å auke oppslutninga om krigføringa deira i Tsjetsjenia. Ifølge russarane er òg dette ein krig mot internasjonale terroristar.

Også dei sentralasiatiske landa har fleire motiv for å ønske amerikanarane velkommen. Sentral-Asia er avhengig av russiske energileveringar og militær bistand og **ønsker eit alternativ**. Den usbekiske presidenten Karimov

Heidi Furustøl er stipendiat ved Norsk Utenrikspolitisk Institutt.